



Navar Takst Og Eiendom As
Bustølvegen 40
5919 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/3332 - 23/38957

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
22.05.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 318/30, 87 Sagstad øvre

Tiltak: Etablering av ny bueining i bustad
Byggjestad: Gbnr: 318/30
Tiltakshavar: Ingvald Eilert Sagstad
Ansvarleg søkjar: Navar Takst Og Eiendom As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 25.04.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dispensasjon frå plankrav jf. pkt. 1.2 KDP Meland skal sendast inn med nytt nabovarsel om dette.
2. Søknad om utvida bruk av avkjørsle frå kommunal veg skal sendast inn til samferdsel-, veg, vatn og avløpsavd. her.
3. Erklæring for ansvarsrettar må sendast inn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 1.07.23. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

